

Saksgang
Formannskapet

Møtedato
18.02.2014

Saksnr
010/14

Sakshandsamar:
Magne Iglund

Arkiv: K1-
Objekt:

Arkivsaknr.
14/560

HØYRING - RAPPORT FRÅ ARBEIDSGRUPPE SOM HAR VURDERT BRANN- OG REDNINGSVESENET SI ORGANISERING OG RESSURSBRUK

Kva saka gjeld:

Justis- og beredskapsdepartementet (JD) gav 5. oktober 2012 Direktoratet for samfunnssikkerhet og beredskap (DSB) i oppdrag å sjå på brann- og redningsvesenet si organisering og ressursbruk. Ei arbeidsgruppe fikk jobben med å utarbeide denne rapporten som no er kalla Brannstudiet. Rapporten er no ute til høyring, med frist til 17.02.2014

FRAMLEGG TIL VEDTAK:

1. Flora kommune sluttar seg til at framtidig organisering av brann- og redningstenesta må baserast på større einingar for å få betre kvalitet i tenestene både på operativt og førebyggane plan. Det er likevel naudsynt å finne ei løysing som er tilpassa våre behov i Sogn og Fjordane og som tek omsyn til det spreidde busetnadsmønsteret her.
2. Flora kommune vil derfor rå til modell 3. Den gir ei brann- og redningstenesta som er tilpassa minimum 20.000 innbyggjarar.
3. Det vil være naturleg at administrasjon for denne brannregionen blir lagt til Flora kommunen.
4. Alarmsentralen Sogn og Fjordane må bestå som fagsentral brann for alle brannvesena i Sogn og Fjordane.

***NB!: Dette framlegget vart samrøystes vedteke i Flora formannskap
18.februar 2014***

Terje Heggheim
rådmann

Magne Iglund
brannsjef

Saksopplysningar:

Rapporten som omhandlar forslag til framtidig organisering av brann- og redningsvesenet inneheld 3 forslag til organiseringar, samt et eige forslag på organisering av 110-sentralane.

Det er viktig å merke seg at det her ikkje er snakk om å flytte etablerte brannstasjonar/depot. Beredskapen skal være slik den er i dag, det er organiseringa rundt administreringa av brannvesena som her er lagt fram forslag om som ny struktur.

Dersom kommunane sjølve ønskjer å endre strukturen rundt korleis beredskapen er lokalisert, må en uansett forsikre seg om at en overheld krav til innsatstid til viktige brannobjekt.

Modell 1

Denne er basert på at en skal følge allerede etablerte fylkesgrenser.

For Sogn og Fjordane vil det då være en administrasjon av alle brannstasjonane og depota i fylket.

Modell 2

Denne tek utgangspunkt i en Finsk modell som tilsier at en skal være minst 100 000 innbyggere og at en då skal ha minst 100 tilsett i 100% stillinger.

Modell 3

Modell 3 innebærer en organisering som sikrer at et brann og redningsvesen dekker minst 20 000 innbyggere. Kriteriet på minst 20 000 innbyggere gir et utgangspunkt for hva arbeidsgruppen ser på som et minimum av størrelse for å kunne imøtegå flere av de kriteriene som er oppstilt. Det vil her være krav til 100% stilling som brannsjef, leder førebyggjande og leder beredskap.

Arbeidsgruppa meiner det vil være fornuftig at organiseringa av 110-sentralen skal være med minst 400 000 innbyggere, altså uavhengig av størrelse på regioner for brannvesena.

Vurdering:

Rapporten som no er utarbeida som brannstudiet, er et av mange forlag til korleis beredskapen bør organiserast i Norge.

Kanskje er det no riktig tidspunkt å stoppe opp litt og prøve å legge kartet med alle grenser for beredskapsorganisasjonar over kvarandre og sei at no må alt samkøyrast. Kanskje er nokre av dei store hendinga vi har hatt i det siste, som brannen i Lærdal osv. noko som tyder på at vi bør prøve å bli betre å samhandle og at dette skal bli enklare.

Mange store brannvesen, som gjerne har inngått interkommunale samarbeid med andre ønskjer nok å gå for denne løysinga.

Men samtidig seiar rapporten at det kan være utfordringar med å etablere så store einingar enkelte plassar i Norge, dei viser då til spesielt til Vestlandet, Midt-Norge og Nord-Norge.

Arbeidsgruppa ser at dette kan bli krevende i brann- og redningsvesen som dekker mange kommunar i et stort geografisk område, mange brannstasjonar og med lange avstandar.

Brannstudiet anbefaler modell 1, dette fordi modellen gir størst rom for økonomisk effektivisering, og dermed muligheit til å omdisponere ressursar til andre prioriterte formål.

Arbeidsgruppa meiner at brannvesenet skal være ei kommunal teneste.

Dette er i samsvar med vedtak i Fylkesutvalet i Sogn og Fjordane av 29.01.2014

Fylkesutvalet seier vidare at kommunen sine uttalar må tilleggst avgjerande vekt i det vidare arbeidet med Brannstudien

Sogn og Fjordane fylkeskommune sitt prinsipielle syn er at regjeringa bør vurdere organiseringa av brann- og redningstenesta som ein del av arbeidet med ei ev. kommunereform.

Det kan såleis være feil å først sjå på struktur av brannregionar før en har bestemt kva resultatet av eventuelle kommunesamanslåingar endar med.

Det vil være lite sannsynlig å greie å etablere et felles brannvesen, med alle tilhøyrande stasjonar og depot slik dei framstår i dag i Sogn og Fjordane. Det vil være meir naturleg å etablerer brannvesen i regionar med minst 20 000 innbyggjarar, for så å eventuelt tenkje større einingar i framtida. Når en etablerer slike einingar vil brannvesenet bli meir profesjonelt, då en har krav til 100% stillingar i leiande stillingar som brannsjef, leiar førebyggjande og varabrannsjef. For mange kommunar vil dette bli ein stor og svært nyttig overgang som vil gi meir faglig kompetanse og meir planlagt opplæring av tilsette.

I Flora kommune er det i dag etablert mange einingar som naturleg høyrer saman i en beredskapsorganisasjon, mellom anna:

- Politimeisteren er etablert i Florø. Ved større hendingar kan han etablere Lokal Rednings Sentral (LRS) Brannsjefen i kommunen der politimeisteren er etablert er fast medlem av LRS som rådgivar for alle brannvesena i fylket.
- Brannsjefen som er medlem i LRS er også fast medlem i Fylkesberedskapsrådet, som er leia av Fylkesmannen.
- Siviltforsvaret har eigen Freds Innsats Gruppe (FIG) i Florø. Siviltforsvarspersonell har opplæring i blant anna førstehjelp og brann. I Sogn og Fjordane sivilforsvarsdistrikt har delar av FIG gruppene er nært samarbeid ned IUA og har fått opplæring i oljevernberedskap.
- Brannsjefen er leiar av Interkommunalt Utval mot Akutt forureining (IUA) der 16 kommunar i Sogn og Sunnfjord er medlemmar.
- Flora brannvesen er i dag svært aktive innan undervisning av andre kommunale brannvesen og private aktørar. Brannøvingsfeltet som blei påbegynt i 2004 er godkjent av Fylkesmannens miljøvernavdeling mhp. utslipp og av Norges Brannskole for utdanning av brannpersonell.
- Kystverket etablert i 2005 Statlig oljeverndepot i Florø.
- 330 skvadronen har etablert permanent redningshelikopterbase i Florø.
- Redningsskøyta er stasjonert her
- Flyplassen med størst regularitet i fylket er i Florø
- Florø radio har hatt koordinering av mange større redningsaksjonar både i inn- og utlandet.
- Det er mange frivillige organisasjonar i kommunen.
- Annen helikopterberedskap
- Krisemottak for Nordsjøen

Når en tek i betraktning beredskapsmiljøet som i dag er lokalisert i Florø vil det være naturleg at administrasjonen for denne regionen er plassert i Florø.

DSB har gitt signaler om at antal 110-sentralar skal reduserast. Brannstudiet foreslår at kvar 110-sentral skal betjene minst 400 000 innbyggjarar, altså uavhengig av størrelse og lokalisering av brannvesen. Det er påstått at ved å etablere sentralar med slik folketall vil kompetansen til operatørane bli betre enn den er i dag og en vil være betre rusta for store hendingar.

Så langt har tilsett ved Alarmsentralen i Sogn og Fjordane komme frå fagmiljøa i Sogn og Fjordane. Det har vist seg ved fleire store hendingar i seinare tid at operatørane har handtert desse hendingane heilt upåklagelig og fullt på høgde med større sentralar. Samlokaliseringa med operasjonssentralen til Politiet (112-sentralen) har fungert svært godt. Men dette har teke tid å få til og det er vel først no at en kan sei at dette virkelig fungerer som forventa. Under hendinga i Lærdal fungerte 110- og 112-sentralane som en sentral. Det er ingen andre stadar i Norge at samlokaliseringa av desse sentralane fungerer så godt som i Florø

Dokument i saka: